

Hornindal

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
 - 4.3. Setningslære ➤
 - a. Dativ ➤
 - b. Ordfølgje ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Geografiske forskjellar
 - 6.2. Yngre og eldre dialekt
7. Dialektprose ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Omfattar områda kring austre delen av Hornindalsvatnet og sjølvé Hornindal, dalføret nordaustover til grensa mot Møre og Romsdal. Eigen kommune til 1965, gjenopprettet 1977 ved at den delen av gamle Hornindal kommune som hadde vore lagt til Stryn, blei eigen kommune.
- Areal: 191 km²
- Innbyggjartal pr. 1.1.2004: 1 203
- Administrasjonssenter: Grodås
- Næringsvegar: Jordbruk (husdyrbruk), industri (trevare- og møbelindustri), reiseliv og turisme
- Hornindal prestegjeld er delt i tre sokn: Hornindal, Randabygd og Nordsia.

- Kommunenamnet er sett saman av gardsnamnet Horne, norrønt Hornyn, av *horn* 'fjelltopp' og *vin* 'naturleg eng'.

2. Lytt på dialekten

➤L Klikk her og hører på opptak frå Hornindal

Det som er litt spesielt med å bruke det som eg har samla sjølv, det er at då har eg historia rundt. Det er ikkje berre ein song, men eg veit litt meir om korleis han har vore brukta, og det knyter seg spesielle hendingar eller stader eller personar til akkurat den songen, og det kan eg då formidle vidare til ungane, alt etter kor gamle dei er. Når det gjeld dei eldste ungane, då er vi helst heime med meg og øver, eller med andre som kan lære dei songar her i Hornindal. Og då går det meir på å arrangere songar, altså syngje fleire stemmer, leike seg med desse her melodiane og tekstane, og det går på å lære gamle kjøkemeistersongar og skjemteviser og salmar og slikt som har vore brukta her i Hornindal.

Informant: Kvinne, fødd 1950, Hornindal kommune

- Kva det betyr for bygda då? Ekornes?

- Ei lita bygd som Hornindal med 1200 innbyggjarar så, og vi er nesten 100 som jobbar på Ekornes, så er det jo heilt sikkert at Ekornes er hjørnesteinsbedrift. Det er ikkje tvil om, så både samarbeid med kommunen og sånn, og så, så trur eg det at det betyr utruleg mykje.

- Du sa i stad at det var mange unge.

- Ja.

- Er det altså folk herifrå, kanskje?

Ja, mykje. Men samtidig så, så er det jo folk både frå Hellesylt og Stryn og Eid og tilflyttarar både frå Ørsta og Fagernes og over alt. Altså, dei kjem, for at det, her er ikkje, det blir, det har ikkje vore nok arbeidssökjarar i forhold til det vi, behovet som har vore no i det siste.

- Nettopp. Men kor er, dei som er like gamle som deg, er det mange av dei som jobbar her?

- Altså, viss ein plussar på ein tre-fire år i begge, begge vegar då, så er det faktisk ein god del, ja.

- Ja, hen blir det av dei andre då?

- Nei, dei, her er masse ungdommar i bygda no.

- Det er det, ja.

- Det synst eg. Altså, mykje og mykje, altså, ein god del. Men underskot av kvinnfolk.

- Ja, akkurat.

Informant: Mann, fødd 1979, Hornindal kommune

Intervjuar: Kvinne, fødd 1967, Hornindal kommune

3. Nokre særdrag

Info om lydskriftsystemet ➤T

Dialekten her har dei vanlege nordvestlandske ➤T[eigen art.] og nordfjordske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på -e ➤T[eigen art.]K: *å kaste, å leve*
- svake hokjønnsord (dvs. hokjønnsord som har meir enn éi staving, og som endar på vokal i oppslagsforma) endar på -e i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.] K: *ei vise, ei jente*
- det er ikkje forskjell i bøyinga på svake ➤O og sterke ➤O hokjønnsord i bestemt form eintal (og heller ikkje i fleirtalsformene) ➤T[eigen art.]K:

| | | | |
|-------------|-------------|-------------|---------------|
| <i>vise</i> | <i>visa</i> | <i>vise</i> | <i>visene</i> |
| <i>dør</i> | <i>døra</i> | <i>døre</i> | <i>dørøne</i> |

- i den eldre dialekten er det vanleg med palatale lydar ➤TK (dvs. lydar med j–klang): *many, fjell*
- det personlege pronomenet i 3. person hokjønn er *honn*
- i den eldre dialekten blei det brukt dativ ➤KO, som for eksempel i: *hann står på låva.* (Men det heiter: *gå bort på låven.*)
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *vi* i fleirtal ➤T[eigen art.]K
- dialekten har etterleddstrykk, dvs. ein uttale der hovudtrykket ligg på det andre (eller siste) leddet i samansette ord. Det er vanleg særleg i uttalen av stadnamn: *Joste'dalen, Bøver'dalen.* Slik uttale kan òg høyrast i andre samansetjingar: *mata lause, røtt laide.*
- *d–ar* som kjem etter ein vokal, vert uttala: *smed, stad, side.* Dette er *d–ar* som har falle bort i dei fleste andre dialektane. Det gjeld også der nynorsk skriftmål ikkje har dei lengre: *saud, tred, lid.*
- grunnforma av adjektiv, notid av dei fleste sterke verb ➤O og verba i *telje*-klassen endar på ein trykklett e (innskotsvokal ➤O): *ein store gut, eg þeme no, han förtale vitsa.*
- bokstavkombinasjonen *rn* i skriftspråket blir alltid uttalt *nn*, for eksempel i kommunenamnet *Håndalen* og *kånn* 'korn'.

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a*, *e*, *i*, *o*, *u*, *y*, *ø*, *å*, *ai*, *au*. Dessutan har ein “tilleggsvovalane”:

ɛ som er ein open ➤O *e*-lyd, ein æ-farga *e*.

ø som er ein å-lyd med ø-klang.

I Hornindal vert diftongane *ei* og *øy* begge uttalte *ai*.

Konsonantane er dei vanlege vi kjenner frå skriftmålet: *b*, *d*, *f*, *g*, *h*, *j*, *k*, *l*, *m*, *n*, *p*, *r*, *s*, *t*, *v*. Dessutan har dialekten desse tilleggskonsonantane:

ʃ og *ç*, som blir uttalte med å presse tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opne for lufta med ein liten “eksplosjon”. I fagspråket kallar vi desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tøy*, *þye*, *bydje* 'tenkje, byggje'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyninga av ord, og det blir kommentert under Substantiv ➤L.

l og *ɳ*, som er *l* og *n* uttalte med ein *j*-klang.

ɳ, som ofte svarer til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å presse bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kaller vi denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Hornindal tonemforskjell ➤O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

Tonem 1: *farən* (bestemt form eintal av *far*)

Tonem 2: *farən* (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

I mykje av vestlandsk blir *g* uttalt også etter *ɳ*, for eksempel *drəŋŋ*. I største delen av landet heiter det *drəŋŋŋ*.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyningsmønsteret for hankjønnssorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i **oppslagsforma** ➤O (*måne*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes:

1. *-(e)* *-en* *-a* *-ane*

Det vil seie at *hest* og *måne* blir bøygde slik:

| | | | |
|-------------|---------------|--------------|----------------|
| <i>hest</i> | <i>hesten</i> | <i>hesta</i> | <i>hestane</i> |
| <i>måne</i> | <i>månen</i> | <i>måna</i> | <i>månane</i> |

Ei gruppe hankjønnssord har *e* i fleirtalsendingane:

2. *-* *-en* *-e* *-ene*

Slik går m.a. *saud*, altså på denne måten:

| | | | |
|-------------|---------------|--------------|----------------|
| <i>saud</i> | <i>sauden</i> | <i>saudē</i> | <i>saudēne</i> |
|-------------|---------------|--------------|----------------|

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein mellom anna i:

| | | | |
|-------------|---------------|---------------|-----------------|
| <i>bror</i> | <i>brorēn</i> | <i>brōdre</i> | <i>brōdrēne</i> |
|-------------|---------------|---------------|-----------------|

Ein del ord med stavinga *-ar* og *-el* følgjer første bøyingsmønsteret, men dei får **samandraging** ➤O i fleirtal:

| | | | |
|---------------|-----------------|--------------|----------------|
| <i>sommar</i> | <i>sommaren</i> | <i>somra</i> | <i>somrane</i> |
| <i>ångel</i> | <i>ångelen</i> | <i>ångla</i> | <i>ånglane</i> |

Hokjønn

Dei fleste hokjønnssorda har dette bøyingsmønsteret:

3. *-(e)* *-a* *-e* *-ene*

Dermed får orda *dør*, *skål*, *jente* og *vise* slik bøying:

| | | | |
|--------------|--------------|--------------|----------------|
| <i>dør</i> | <i>døra</i> | <i>døre</i> | <i>dørēne</i> |
| <i>skål</i> | <i>skåla</i> | <i>skåle</i> | <i>skålēne</i> |
| <i>jente</i> | <i>jenta</i> | <i>jente</i> | <i>jentēne</i> |
| <i>vise</i> | <i>visa</i> | <i>vise</i> | <i>visēne</i> |

Svært mange hokjønnssord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

4. *-* *-a* *-a* *-ane*

Slik bøyning har f.eks. :

| | | | |
|--------|---------|---------|-----------|
| køring | køringa | køringa | køringane |
|--------|---------|---------|-----------|

Nokre ord har avvikande bøyning frå hovudmönstera i hokjønn, mellom anna desse:

| | | | |
|-----|------|-------|---------|
| bok | boķa | bøke | bøkene |
| mor | mora | mødre | mødrøne |

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmönstera:

| | | | |
|----|------|----|------|
| 5. | -(e) | -e | -(e) |
| | | | -a |

Orda *hus*, *glas* og *eple* får dermed denne bøyinga:

| | | | |
|------|-------|------|------|
| hus | huse | hus | husa |
| glas | glase | glas | glas |
| eple | eple | eple | epla |

| | | | | |
|----|------|------|------|------------------------------|
| 6. | $-e$ | $-e$ | $-e$ | $-\dot{a}/-\dot{\epsilon}ne$ |
|----|------|------|------|------------------------------|

Dermed får *aue* og *aire* slik bøying:

| | | | |
|-------------|-------------|-------------|-----------------------------|
| <i>aue</i> | <i>aue</i> | <i>aue</i> | <i>auå/auøne</i> |
| <i>aire</i> | <i>aire</i> | <i>aire</i> | <i>airå/airøne</i> ('øyre') |

Palatalisering

Palatalisering kallar vi det at ord som *bekk* heiter *bækken*, *dag* heiter *dajen*, *legg* heiter *lødd* *en* og *seng* heiter *sønja* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir bytt ut med *ç* (jf. *bækç*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *legg*) og etter *ŋ* (jf. *søng*) og med *j* etter lang vokal (jf. *dag*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord (dvs. *bekkjen*),
- i fleirtal av hankjønnsord som endar på $-e$ og $-\dot{\epsilon}ne$ (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på $-e$ i **oppslagforma** ➤ **O** (*boķa*),
- i fleirtal av hokjønnsord med $-e$ og $-\dot{\epsilon}ne$ som endingar, men ikkje dei som får vokalskifte i rota (*sak – saķa – saķe – saķene*, men *bok – boķa – bōke – bōķene*)
- og i heile inkjekjønn.

Dativ

Dialekten har fram til vår tid hatt **kasusbøyning** ➤ **O** i substantiva. Dei formene vi har vist ovafor, er **nemneformer** ➤ **O** (N), som er dei vanlegaste formene, og som alltid blir brukte når ordet står f.eks. i eit subjekt. I tillegg har ein i den eldre dialekten **dativformer** ➤ **O** (D), som f.eks. blir brukte etter visse preposisjonar: *gutēn*, men *frā guta*. Forma *guta* er her eintal bestemt form dativ. I fleirtal heiter det *frā gutå*. (Under Setningslære ➤ L står ei utgreiing om bruksmåten av nemneform og dativ.) Når vi føyer dativformene til i bøyingsmønstra ovafor, vil dei fullstendige mønstra sjå slik ut:

Hankjønn:

| | | | | | |
|----|---|--------|--------------------|------|---------------------|
| 1. | N | $-(e)$ | $-\dot{\epsilon}n$ | $-a$ | $-\dot{\epsilon}ne$ |
| | D | | $-a$ | | $-\dot{a}$ |

Slik bøying har for eksempel *hęst* og *måne*:

| | | | | |
|----|-------------|---------------|--------------|----------------|
| N | <i>hest</i> | <i>hesten</i> | <i>hesta</i> | <i>hestane</i> |
| D | | <i>hesta</i> | | <i>hestå</i> |
| N | <i>måne</i> | <i>mån'en</i> | <i>måna</i> | <i>månane</i> |
| D | | <i>måna</i> | | <i>månå</i> |
| 2. | N | — | <i>-en</i> | <i>-ene</i> |
| | D | | <i>-a</i> | <i>-å</i> |

Slik går mellom anna *saud*:

| | | | | |
|---|-------------|---------------|--------------|----------------|
| N | <i>saud</i> | <i>sauden</i> | <i>sauge</i> | <i>saudene</i> |
| D | | <i>sauda</i> | | <i>saudå</i> |

Hokjønn:

| | | | | | |
|----|---|-------------|-------------|-----------|-------------|
| 3. | N | <i>-(e)</i> | <i>-a</i> | <i>-e</i> | <i>-ene</i> |
| | D | | <i>-ene</i> | | <i>-å</i> |

Dermed får *skål* og *vise* slik bøyning:

| | | | | | |
|----|-------------|----------------|--------------|----------------|-------------|
| N | <i>skål</i> | <i>skåla</i> | <i>skåle</i> | <i>skålene</i> | |
| D | | <i>skålene</i> | | <i>skålå</i> | |
| N | <i>vise</i> | <i>visa</i> | <i>vise</i> | <i>visene</i> | |
| D | | <i>visene</i> | | <i>viså</i> | |
| 4. | N | — | <i>-a</i> | <i>-a</i> | <i>-ane</i> |
| | D | | <i>-ene</i> | | <i>-å</i> |

Det vil seie at *ķerинг* blir bøygd slik:

| | | | | |
|---|---------------|-------------------|-----------------|------------------|
| N | <i>ķerинг</i> | <i>ķerinqda</i> | <i>ķerinqga</i> | <i>ķerinqane</i> |
| D | | <i>ķerinqdene</i> | | <i>ķerinqå</i> |

Inkjekjønn:

| | | | | | |
|----|---|-------------|-----------|-------------|-----------|
| 5. | N | <i>-(e)</i> | <i>-e</i> | <i>-(e)</i> | <i>-a</i> |
| | D | | <i>-a</i> | | <i>-å</i> |

Dermed får *hus* denne bøyninga:

| | | | | |
|---|------------|-------------|------------|-------------|
| N | <i>hus</i> | <i>huse</i> | <i>hus</i> | <i>husa</i> |
| D | | <i>husa</i> | | <i>huså</i> |

| | | | | | |
|----|---|----|----|----|---------|
| 6. | N | -e | -e | -e | -å/-ene |
| | D | | -a | | -å |

Det vil seie at *aue* får slik bøyning:

| | | | | |
|---|------------|------------|------------|------------------|
| N | <i>aue</i> | <i>aue</i> | <i>aue</i> | <i>auå/auene</i> |
| D | | <i>aua</i> | | <i>auå</i> |

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤O kan vi setje opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kaste*-klassen:

| | | | |
|----|----|----|----|
| -e | -a | -a | -a |
|----|----|----|----|

Slik boyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

| | | | |
|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <i>takke</i> | <i>takka</i> | <i>takka</i> | <i>takka</i> |
| <i>kalle</i> | <i>kalla</i> | <i>kalla</i> | <i>kalla</i> |

2. *døme*-klassen:

| | | | |
|----|----|---------|----|
| -e | -e | -de/-te | -t |
|----|----|---------|----|

Etter dette mønsteret boyer ein altså slik:

| | | | |
|---------------|---------------|----------------|--------------------------|
| <i>glaime</i> | <i>glaime</i> | <i>glaimde</i> | <i>glaimt ('gløyme')</i> |
| <i>ķenyne</i> | <i>ķenyne</i> | <i>ķende</i> | <i>ķent</i> |
| <i>spare</i> | <i>spare</i> | <i>sparte</i> | <i>spart</i> |

Verba i denne klassen som går slik og altså har fortid på -de, har konsonantane *g*, *m*, *n* eller *v* i rota på orda, som i *glaime*, *ķenyne* osv. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *n*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir fortid laga med å legge til -te: å *spare* – *sparte*. Verb med konsonantane *l* eller *r* føre endinga får -de eller -te i fortid: å *tøre* – *tørde*, å *spare* – *sparte*, å *tøle* – *tølte*, å *spøle* – *spølte*.

3. *greie*-klassen:

| | | | |
|----|----|------|-----|
| -e | -e | -dde | -tt |
|----|----|------|-----|

Altså:

| | | | |
|--------------|--------------|---------------|--------------|
| <i>graie</i> | <i>graie</i> | <i>grødde</i> | <i>grøtt</i> |
| <i>føde</i> | <i>føde</i> | <i>fødde</i> | <i>føtt</i> |

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir altså diftongen ➤O framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller vokal framom infinitivs-*e-en* : *arbaide*, *sprайде*, *spade*.

4. *meine*-klassen:

| | | | |
|----|----|---------|----|
| -e | -a | -de/-te | -t |
|----|----|---------|----|

Desse verba liknar på *kaste*-klassen i notid og *døme*-klassen i fortid og i perfektum partisipp ➤O:

| | | | |
|--------------|--------------|---------------|--------------|
| <i>löve</i> | <i>löva</i> | <i>lösde</i> | <i>löst</i> |
| <i>svare</i> | <i>svara</i> | <i>svarte</i> | <i>svart</i> |
| <i>prøve</i> | <i>prøva</i> | <i>prøvde</i> | <i>prøft</i> |

Her som i *døme*-klassen finst to endingar i fortid alt etter kva konsonant som står framom endinga: *lösde* med *-de* og *bakte* og *mønte* med *-te*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *bruke*, *bake*, *like* osv.

5. *telje*-klassen:

| | | | |
|----|----|------|-----|
| -e | -e | *-de | *-t |
|----|----|------|-----|

Her set vi stjerne framom endingane i fortid og i perfektum partisipp ➤O, for det som først og fremst skil klassen frå *døme*-klassen, er at stammevokalen ➤O i verbet kan skifte:

| | | | |
|--------------|-------------|--------------|-------------|
| <i>telje</i> | <i>tèle</i> | <i>talde</i> | <i>talt</i> |
| <i>välje</i> | <i>vèle</i> | <i>valde</i> | <i>valt</i> |

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døme*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤O; *tèle* er uttalt med det vi kallar tonem ➤O 1, mens *spare* i notid har tonem 2: *'tèle*, *'spare*. Her som i *døme*-klassen bruker ein *-te* i fortid etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

| | | | |
|---|----|------|-----|
| - | -r | -dde | -tt |
|---|----|------|-----|

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤O, og altså *-r* i notid:

| | | | |
|------------|-------------|---------------|--------------|
| <i>tru</i> | <i>trur</i> | <i>trudde</i> | <i>trutt</i> |
| <i>bo</i> | <i>bor</i> | <i>bodde</i> | <i>bott</i> |

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤O ved først og fremst å vere særprega av vokalskifte i stammen ➤O mellom bøyingsformene, som vi ser f.eks. i *grave* – *græve* – *grov*

– *greve*. Her er skiftet altså *a – e – o – e*. Dessutan er det inga ending i fortid (*grov*), perfektum partisipp har –*e* (*greve*), og i notid bruker ein tonem 1 (‘*grēve*) slik som i det svake verbet ‘*tēle*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller vi opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i – i – ai – e*):

| | | | |
|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <i>bite</i> | <i>bite</i> | <i>bait</i> | <i>bete</i> |
| <i>skrive</i> | <i>skrive</i> | <i>skraiv</i> | <i>skreve</i> |

2. klasse (*y – y – au – ó*):

| | | | |
|--------------|--------------|--------------|--------------|
| <i>bryte</i> | <i>bryte</i> | <i>braut</i> | <i>brōte</i> |
| <i>fryse</i> | <i>fryse</i> | <i>fraus</i> | <i>frōse</i> |

3. klasse (*i/e/ɛ – i/e/ɛ – a – u/o/ö*):

| | | | |
|----------------|----------------|--------------|----------------|
| <i>finn</i> | <i>finn</i> | <i>fann</i> | <i>funn</i> |
| <i>bende</i> | <i>bende</i> | <i>batt</i> | <i>bonde</i> |
| <i>brønnye</i> | <i>brønnye</i> | <i>brann</i> | <i>brønnye</i> |

4. klasse (*e – e – a – e*):

| | | | |
|--------------|--------------|-------------|--------------|
| <i>lese</i> | <i>lese</i> | <i>las</i> | <i>lese</i> |
| <i>drepe</i> | <i>drepe</i> | <i>drap</i> | <i>drepe</i> |

5. klasse (*e/ɛ – e/ɛ – a – ö*)

| | | | |
|--------------|--------------|-------------|--------------|
| <i>stele</i> | <i>stele</i> | <i>stal</i> | <i>stôle</i> |
| <i>bære</i> | <i>bære</i> | <i>bar</i> | <i>børe</i> |

6. klasse (*a – ɛ – o – e*):

| | | | |
|--------------|--------------|-------------|--------------|
| <i>grave</i> | <i>græve</i> | <i>grov</i> | <i>greve</i> |
|--------------|--------------|-------------|--------------|

Nokre av dei sterke verba ►O får bøyingar som minner noko om dei svake ►O, f.eks.

| | | | |
|------------|-------------|-------------|--------------|
| <i>be</i> | <i>ber</i> | <i>bad</i> | <i>bett</i> |
| <i>je</i> | <i>jer</i> | <i>ga</i> | <i>jett</i> |
| <i>stå</i> | <i>står</i> | <i>sto</i> | <i>steje</i> |
| <i>slå</i> | <i>slør</i> | <i>slo</i> | <i>sleje</i> |
| <i>få</i> | <i>får</i> | <i>fekk</i> | <i>fått</i> |

c. Adjektiv

Adjektiva har vi hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ►O (for eksempel *galen*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *store*). Adjektiva får bøying i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyingar:

- | | | | |
|------------------------|-----------------------|----------------------|-------------------|
| 1) <i>en galen gut</i> | <i>ai gala jente</i> | <i>ett gale svar</i> | <i>galne guta</i> |
| 2) <i>en store gut</i> | <i>ai store jente</i> | <i>ett stort hus</i> | <i>store hus</i> |

Forma *store* framom ord i eintal har tonem ►O 1, 'store, og tonem 2 'store framom fleirtalsord, dvs. at tonegangen ►O viser om adjektivet står i eintal eller fleirtal.

Dermed er bøyingsmönstera slik:

- | | | | |
|---------------|-----------|-----------|------------|
| 1) <i>-en</i> | <i>-a</i> | <i>-e</i> | <i>-ne</i> |
| 2) <i>-e</i> | <i>-e</i> | <i>-t</i> | <i>-e</i> |

Dersom substantivet står i bestemt form, har adjektivet alltid endinga *-ne* eller *-e*:

den galne guten, den store guten

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

| | Eintal | | | | | Fleirtal | | |
|------------------|------------|------------|---------------------|--------------|------------|------------|--------------|------------|
| | 1. pers. | 2. pers. | 3. pers. | | | 1. pers. | 2. pers. | 3. pers. |
| | | | hankjønn | hokjønn | inkjekjønn | | | |
| subjektsform | <i>eg</i> | <i>du</i> | <i>hann</i> | <i>honn</i> | <i>dę</i> | <i>vi</i> | <i>de</i> | <i>dai</i> |
| avhengig form | <i>męg</i> | <i>dęg</i> | <i>håna/n a</i> | <i>hinye</i> | <i>dę</i> | <i>öss</i> | <i>dökke</i> | <i>dai</i> |

Dei peikande pronomena i Hornindal har denne bøyinga:

| Eintal | | Fleirtal | |
|---------------|---------------|--------------------|--------------|
| Hankjønn | Hokjønn | Inkjekjønn | |
| <i>dęnn</i> | <i>dęnn</i> | <i>dę</i> | <i>dai</i> |
| <i>dinnye</i> | <i>dinnye</i> | <i>ditte/dette</i> | <i>desse</i> |
| <i>dinnya</i> | <i>dinnya</i> | <i>ditta</i> | <i>dissa</i> |
| <i>hinn</i> | <i>hi</i> | <i>hitt</i> | <i>hine</i> |

Pronomenrekka *dinnye* viser til noko nært, mens rekka *dinnya* viser til det fjerne. Det vil seie at sluttvokalane *e* og *a* markerer dette skiljet.

4.3. Setningslære

a. Dativ

Dativ ➤ O blei i det eldre målet brukt fast i indirekte objekt, etter visse preposisjonar, adjektiv, adverb og i det direkte objektet etter visse verb.

- Etter preposisjonar er det slik at det er alltid dativ etter *myllå*, *mę*, *ta* ('av'), *ma* ('med') og *bak*. Etter *på* og *i* er kasusbruken avhengig av om ein vil uttrykkje ei rørsle til staden eller at noko er på staden: *dętte ned i myra* uttrykkjer ei rørsle til staden, mens *lidđe i myrəne* uttrykkjer at ein er på staden.

b. Ordfølge

- I spørjesetningar kjem trykklette pronomen framom verbet: *Kęnn dę e?* *Ka dę e?*
- Trykklette pronomena står etter *ikke*: *Hann ga'ke seg.* *Va ń'ann haime?*

5. Ord og uttrykk

5.1. Ordsamling

- avroŋg* (substantiv): 'skaresnø'
- försuffa* (adjektiv): 'overraska, forbløffa'
- frambur* (substantiv): 'mykje mat på bordet'
- fulört* (substantiv): 'ein høyrer mykje vondt av den'
- førefar* (substantiv): 'å ha førefar er å ha litt på lager'
- øvestöde* (substantiv): 'bråk'

5.2. Uttrykk

I Hornindal seier dei *inni Dalen* og *frammi Dalen*. Dei som er inni Dalen, seier dei skal framover når dei meiner vestover/nedover. Dette er framandt for folk andre stader som ville ha sagt framover og meint innover, altså motsett retning.

6. Forskjellar

6.1. Yngre og eldre dialekt

- Dei som er fødde før den andre verdskriken, har fleirtalsformene *brøre* – *brørøne*, *møre* – *mørøne* av *bror* og *mor*. Dei yngre seier *brødre* – *brødrøne* og *mødre* – *mødrøne*.
- Dei yngre har få hokjønnsord som får vokalen *a* i fleirtalsendingane, men dei som er fødde før den andre verdskriken, har flere ord som vert bøygde slik, for eksempel *øks* (eldre: *øks* – *øksa* – *øksa* – *øksane*, yngre: *øks* – *øksa* – *økse* – *øksene*).
- Dei yngre har berre palatalisering i bestemt form av substantiva. Eksempel: *mann* – *mannnen*, *fjell* – *fjelle*
- Dei som er fødde før den andre verdskriken, vil ha forma *håna/nå* som personleg pronomen i 3. person hankjønn, avhengig form. Dei yngre seier *håna/na*.

7. Dialektprose

Nedafor finn du tre dialekttekstar skrivne med lydskrift (Norvegia) ➤T. Dei to første tekstane finst òg som lydprøvar. ➤L

Tekst 1:

De så e litt spesielt me å bruke de så eg ha samla sjøl, de e atte då ha eg historia ront. De e' þe børre ain sång, menn eg vait litt mair ámm korr hann ha vóre brukte, å de knyte seg spesielle hendinga elle stada elle persona te akkurat dénn sången, å de kann eg då fármidle vidare te ongane, alt ette kor gamle dai e. Nårr de jølde dai elste ongane, då e vi hølst haime me meg å øve, elle me andre så kann lære dai sånga her i Håndala. Å då går de mair på å arransjere sånga, altså synge flaire stømme, laike sèg me desse her melodiane å tekstane, å de går på å lære gamle kjømaistarsång ga, å sjømtrevise å salma å slekt så ha våre brukta her i Håndala.

Tekst 2:

- *Ka de betyr fårr bygda då? Ekornes?*
- *Ai lita bygd så Håndalen me tållhundre innbydara så, å vi e næsten hundre så jobba på Ekornes, så e jo de haitl sikkert att Ekornes e jørnestainsbedrift. De e'ke tvil omm, så både samarbaid me kommunen å sånn, å så, så trur eg de att de betyr utrule mykje.*
- *Du sa i sta att de va månge onye.*
- *Ja.*
- *E de også falk hérifrå?*
- *Ja, mykje. Men samtidig så, så e de jo falk både frå Høllesylt og Stryn og Aind og teflytara både frå Ørsta og Fagernes og over alt. Altså, dai ksem, fårr att de, hér e'ke, de blir, de ha'ke vore nukk arbeidsøkara i fårrhål te de vi, behove så ha vore no i desiste.*
- *Nettop. Men kor e dai så e like gamle så deg, e de mange ta dai så jobba hér?*
- *Allså, viss ain plussa på ain tre fire år i bødje, begge vega då, så e de faktisk ain go del ja.*
- *Ja, henn blir de av dai andre då?*
- *Nai, dai, hér e masse ongdomma i bygda no.*
- *De e de ja*
- *De synst eg. Allså, mykje og mykje, allså, ain go del. Men ondesköt ta kvinnfolk.*
- *Ja, akkorat.*

Tekst 3:

Dø høgg ikke alt so høld4 i skafte.

To kairara møttest enn gång i ai góte; dar va nøke mødøleg å komme førbi kværandre me losså. "Kair utu veja fyre meg!" ropte dønn aine og va mykje te manyn. "Kair utu veja sjøl!" ropte hinn; hann øg vilde være kar. Dønn fyste løt omm atte hann kaure ikke utu veja. "Ja, ikke trøng4 eq omm å jere dø," mente hinn.

So sto dai og møtte kværandre ai go stond. "Hair no," sa endøleg dann aine, "ka eg ve saie deg; eg spørre deg før siste gång: ve du kaire utu veja, elde ve du ikke? Saie du nai, so tek4 eg baint å jere me deg so eg jore me hånå eg trøfte i sta; hann hølde vilde 4ke kaire utu veja føre meg." Dø tok hinn øg kaure te sidøs, so mykje dai slapp førbi kværandre. Men so vilde 4ann vete, ka hann hadde jort me hånå 4ann trøfte i sta. "Jau, dø jekk so te dø, att når hann slett ikke vilde vike, so kaure eq utu veja føre hånå." (Etter Søreide 1930).

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Hornindal

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftena nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ T[eigen art.] og om fjordamålet her ➤ T [eigen art.].

Søreide, Lars E. 1930: *Nordfjordmålet*. (Norske maalføre XII). Oslo: Studentmaallaget.

Ølmheim, Per Arvid 1983: "...sa sogningen til fjordingen". *Målfore i Sogn og Fjordane*. Bergen: Sogn mållag / Firda mållag.

Lokal konsulent har vore Anne-Mari Tomsgard.